



Eli Orre
Geir Iden
Rune Torkildsen
Are Iversen

Dato: 11.04.2016
Vår ref.: 2014/24367-9
Saksbehandlar: hanespe
Dykkar ref.:

Referat frå møte med sykkelmiljøet i Bergen og Bergen 2017

Sykkel og psykiatri, møte 17. mars kl 08.00 – 10.00

Desse deltok;

Geir Iden, Åsane sykkelklubb leiar
Rune Torkildsen, leiar NCF region vest, Fana IL,
Are Iversen, NCF Region Vest, leder Nymark IL sykkelgruppen
Eli Orre, Bergen 2017, ansvarleg for sykkelaktivitetsarrangement
Britt Karen Spjeld, Hordaland fylkeskommune, Fylkesidrettssjef
Anne Mette Nesje Porten, Hordaland fylkeskommune, Regionalavd. Næring
Hanne Espe, Hordaland fylkeskommune, Kultur og idrettsavd. Idrett og friluftsliv

Det vart kalla saman til møte for å sjå på moglegheitene for å samarbeide om tilbod til psykiatrien i Hordaland. Ein ser at det kan vere aktuelt å overføre modellen frå *Alle barn sykler*, og i tillegg knyte tiltak opp mot eksisterande aktivitet.

Konkret døme er IKEA-cup, som er lav terskel, lett tilgjengeleg og kan tilretteleggast på enkelt vis til aktuelle målgrupper. Det vart nemnt evt samarbeid med IKEA, som t.d. bruk av gratisbussen, for å legge terskelen så lav som mogleg. Det er mange faktorar som vert peika på: tryggleik, utstyr, meistring, marknadsføring og kapasitet er nokre av dei.

Det kan også vere aktuelt med andre arrangement t.d. på Herdla eller i Øygarden (Dale Oen experience), der det også er ein del aktivitet allereie som ein kan bygge vidare på.

Det er interesse for å lage ei skisse til aktivitetstiltak for denne målgruppa. Søknad må evt sendast til oss innan 22. april for å få saka opp til politisk handsaming i mai.

Britt Karen Spjeld
Fylkesidrettssjef

Hanne Espe
Rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.